



Land og bruk

Nummer 3 - 2013

Juni 2013

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Kurs – ”Bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap”

Det er stadig fokus driftsfellesskap når deg gjeld søknader om produksjonstilskot. På dei forvaltningskontrollane som Fylkesmannen har gjennomført blir det stilt spørsmål om saker som gjeld driftsfellesskap og korleis kommunane handterer slike saker.

Kommunane har gitt uttrykk for at det er vanskeleg å avdekke og dokumentere driftsfellesskap. Vi kan no tilby eit kurs i bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap. **Kurset blir arrangert 26. september.** Målet med kurset er at deltakarane skal få kunnskap til å kunne hente ut relevante data frå rekneskapen og bruke desse i saksbehandlinga ved vurdering av driftsfellesskap.

Personalendringar

Permisjon

Linn Borsheim går ut i fødselspermisjon frå 24. juni.

Endra arbeidsoppgåver

Sissel Endresen tek over dei oppgåvene Linn har hatt innan tilskotsforvaltning i den tida Linn har fødselspermisjon.

Nytilsette

Iris-Adele Berg Jess er tilsett i fast stilling som rådgivar. Ho har oppgåver innan areal- og eigedomsforvaltning, med hovudvekt på jord- og konsesjonslov.

Knut Harald Dobbe er tilsett som seniorrådgivar innan samfunnsplanlegging og arealforvaltning. Han tek til i stillinga 1. august.

Tilbake frå permisjon

Trond Olav Fiskå er tilbake frå farspermisjon om lag frå 1. august.

Arrangementskalender

13. august

Kurs i eStil – Regionalt miljøprogram

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Monica Dahlmo

28. august

Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Ragnhild Hole

4.-7. september

[Studietur ”Frivillige tiltak i landbruket”](#)

Stad: Danmark

Kontaktperson: Monica Dahlmo

26. september

Kurs i bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

23. oktober

Dialogmøte

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

November

Infomøte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen



”Slik en blomst trenger solen for å bli blomst, slik trenger et menneske kjærligheten for å bli menneske.”
Phil Bosmans

Landbruksdirektørens hjørne



Sein vår og lite grovfôr – ei utfordring for mange bønder i fylket vårt

v/Hadle Nevøy

Ei ulukke kjem sjeldan åleine, blir det sagt i eit gammalt ordtak. Etter ein heller vanskeleg fjorårshaut sat mange bønder med mindre grovfôrlager enn normalt denne vinteren. Vinteren blei i tillegg ekstra lang og han var stygg med graset i store deler av fylket. I område der dei kan rekne med beiteslepp i april, måtte dei vente til langt ut i mai før det var noko fôr å finne for dyra utomhus.

Tome grovfôrlager og brune beite er ein særdeles stressande situasjon for bønder med ansvar for ein dyreflokk av storfe og/eller sau, stor eller liten. Når det så i tillegg viser seg at mykje av enggraset ikkje har overlevd den lange kalde og tørre vinteren, blei situasjonen ekstra utfordrande for mange. Ein kan med rette seie at utfordringane har stått i kø for mange denne våren; fulle gjødsellager og tele i jorda til ut i april, brune enger og beiter til ut i mai og ingen teikn til liv i mykje av enggraset. Det skal god rygg til å bere så mange krevjande utfordringar på ein gong. For mange har dette vore ei veldig vanskeleg tid, der dei føler at alt som kan gå gale har gått gale samtidig eller tett på. Denne påkjenninga har vore tung å bere og fleire er nære på å gi opp bondeyrket.

Alle som har eller har hatt ansvar for dyr, veit kor stressande det er når ein ikkje har nok fôr til at dyra kan ete seg mette. Mange har kjøpt inn ekstra fôr, både grovfôr og kraftfôr for å kome seg gjennom denne perioden, og ser i tillegg at utsiktene for å skaffe nok grovfôr til komande vinter er heller dårlege. Sein vår og mykje nysådd engareal fører til at mange må rekne med mindre grasavling enn normalt, kanskje 20-30 % reduksjon meiner fagfolk som følgjer situasjonen tett. Det er ikkje berre bønder i Rogaland som har opplevd ein vanskeleg vår. På store deler av Austlandet har flaum og store nedbørsmengder gjort stor skade. Våronna har vore sterkt forseinka i store område og det er framleis areal i dei gode kornområda som ikkje er tilsådd.

Fleire av oss har fått spørsmål frå bønder austpå om det vil vere marknad for sal av grovfôr til Rogaland dersom dei vel å så eittårige grovfôrvokstrar i staden for korn dette året. Norsk landbruksrådgiving og andre landsdekkande organisasjonar tenkjer det same, og vil ta på seg å formidle omsetnad av grovfôr.

Eg har vore i kontakt med mine kollegaer i dei aktuelle austlandsfylka om same tema. Ingen av oss kan garantere for at det vil bli stor etterspurnad etter grovfôr, men det vil undre meg stort om det ikkje er ein del bønder som vil prøve å få kjøpt grovfôr til erstatning for avlingssvikten på eigen gard. Pris per fôreining levert på garden vil sjølvstund vere avgjerande for kor mykje som vil bli kjøpt og kor dei vil prøve å få fôret frå.

Eg kjenner også til at det er tankar om å organisere import av grovfôr, då det ofte er lågare transportkostnadar å frakte gras og halm frå Danmark enn frå bygder på Austlandet. Bortfall av toll på importert grovfôr, har tidlegare år vore eit verkemiddel for å senke kostnadane. Dersom det blir overskot på grovfôr for sal innanlands, bør bønder tenkje seg nøye om før dei står hardt på for å få hjelp til å importere fôr til lågare pris. Tollvernet er for jordbruket, og terskelen for bortfall av toll bør liggje høgt.

Rundt 300 bønder samla seg til møte på Undheim sist veke, der grovfôrsituasjonen grunna vinterskade og sein vår var tema. Landets fremste ekspert på føring av storfe, Harald Volden, sa i innlegget sitt at mykje av grovfôrtapet kunne erstattast av ekstra kraftfôr i den daglege fôrrasjonen. Gjennom god planlegging av disponeringa av grovfôret alt frå tidleg haust og ved bruk av dei rette råvarene i kraftfôrblandingane, kunne eit avlingstap på 20–30 % erstattast med kraftfôr. Han meinte at dette ofte ville vere ei billigare løysing enn innkjøp av grovfôr. Vidare tok han til orde for at kjøparane av grovfôr måtte vere meir opptekne av kvaliteten på det fôret som dei kjøper.

Initiativtakarane til det nemnde møtet fekk mykje ros for arrangementet. Det er tydeleg at mange går og slit med utfordringane åleine, og dei treng å snakke med andre om dette. Fleire har ein krevjande økonomisk situasjon, og bankrepresentanten inviterte til tidleg dialog for å finne dei beste løysingane for å komme over kneika.

Vi som har vårt daglege virke i forvaltinga, enten i kommune eller i staten, kjem ikkje så tett på bøndene i kvardagen som dei som arbeider i rettleiingstenesta. Vi vil likevel få føling med verknadane av den vanskelege vinteren og våren gjennom mange søknadar om tilskot til utbetring etter vinterskade på eng og truleg ein god del søknadar om avlingsskadeerstatning. Det vil lette børa for dei ramma bøndene om vi kan bidra med rask saksbehandling og så tidleg utbetaling som mogeleg.

Eg er klar over at alle har meir enn nok å gjere allereie, men eg ber likevel om at vi alle prioriterer desse sakene og gjer det vi kan for at dei ikkje blir liggjande langt bak i køen av viktige oppgåver.

Så vil eg ønskje alle ein fin sommar!

Nye vegnormalar

Landbruks- og matdepartementet har nettopp fastsett nye normalar for landbruksvegar. Normalane er mellom anna tilpassa utviklinga i køyretøy og klimaendringar. Kommunane si rolle er konkretisert, ikkje minst når det gjeld krav til byggjeplan.

Som kjent er det landbruksvegforskrifta som regulerer bygging av landbruksvegar. I denne forskrifta står det at landbruksvegar skal byggjast i samsvar med normalar for landbruksvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Kommunane må difor ha inngåande kjennskap til vegnormalane for å kunna forvalta denne forskrifta.

Kommunane har fleire viktige oppgåver ved bygging av landbruksvegar. Desse finn vi både i politiske føringer, i lovar og forskrifter - og altså også i dei nye vegnormalane. I hovudsak gjeld dette:

- Utarbeida hovudplanar for skogsvegar i kommunen
- Motivera skogeigarane til vegbygging for å løysa ut eit større produktivt skogareal
- Delta i arbeidet med å finna gode løysingar, her også samarbeid over eigedomsgrensene, danning av veglag, jordskifte mv.
- Sikra kravet til planlegging og vegstikking, inklusiv byggjeplan
- Medverka i arbeidet med å få på plass nødvendige formelle dokument som anbudsinnbyding og byggjekontrakt
- Følgja opp byggjearbeidet under vegs, bl.a. for å kunna godkjenne utbetaling av tilskot og bruk av skogfond
- Teknisk sluttgodkjenning av veganlegget
- Godkjenne revidert rekneskap for veganlegget, bl.a. som grunnlag for bruk av skogfond og utbetaling av tilskot
- Kommunane har også eit ansvar for kontroll av vedlikehald av landbruksvegar

Dei nye vegnormalane gjeld frå **1. juni 2013** og kan lastast ned frå nettsidene til [Skogbrukets kursinstitutt](#).

Kontaktperson: Stein Bomo



Foto: Stein Bomo



Foto: Arne J. Lyshol

Praktikantordninga ikkje prioritert med BU-midlar i 2013

Vi har også dette året mange prosjektsøknader til dei avgrensa utviklingsmidla (4,8 mill) vi har til utvikling og tilrettelegging (BU-midlar). Praktikantordninga blir også finansiert av desse midla, og vi har hatt få søknadar til dette føremålet dei siste åra. Her er det opp til det enkelte fylke å gjere prioriteringar.

Som nemnt i e-post til kommunane datert 19. april i år har vi for tida nokre spørsmål knyta til praktikantordninga, og mottekne søknader har fått avslag. I vår krevjande prioritering i bruk av BU-midlar, har vi kome til at vi ikkje kan holde av midlar til praktikantordninga dette året. Slik blir det truleg også neste år.

Vi har nå per juni bunde opp nesten alle våre BU-midlar for 2013 i ulike utviklingsprosjekt, mange i avtalte spleiselag med andre. Rekruttering i landbruket er eit viktig fokusområde, og vi har valt å prioritere midlar til prosjekt knyta til rekruttering som alternativ til ordninga med praksisplass på enkeltbruk. Det er vår vurdering at dette vil gi mest effekt.

Vi ber om forståing for denne prioriteringa, og at dette også blir formidla når nokon tek kontakt med kommunen om denne ordninga. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål til dette!

Kontaktperson: Anfinn Rosnes

Fylkesmannen må vurdere konsesjon på ny

Fylkesmannen sitt vedtak om å nekte konsesjon for erverv av ein landbrukseigedom i Time kommune blei ved dom i Stavanger tingrett kjent ugyldig.

Søkjaren stemna Staten v/ Fylkesmannen inn for domstolen og kravde at vedtaket blei oppheva . Staten v/ Landbruks- og matdepartementet har bestemt å ikkje anka saka vidare, og dommen er då rettskraftig. Fylkesmannen skal no treffe nytt vedtak i klagesaka.

Saka gjeld sal av landbrukseigedom mellom sambuarar. Sambuaren til konsesjonssøklar hadde tidlegare kjøpt eigedomen utan konsesjonsatterhald. Han fekk ikkje konsesjon på grunn av for høg kjøpesum ,og måtte derfor selje eigedomen med tap. Kommunen meinte at overføringa av eigedomen mellom desse to måtte sjåast som ei omgåing av prisreguleringa i konsesjonslova og vere i strid med føremålet med lova.

Kommunen av slo konsesjonssøknad frå ny eigar og Fylkesmannen stadfesta kommunen sitt vedtak. Retten kom til at Fylkesmannen sitt vedtak ikkje var godt nok grunngjeve ettersom Fylkesmannen sitt vedtak hovudsakleg var knytt til seljaren(sambuaren) sine intensjonar og planar. Retten konkluderte derfor med at dette vedtaket var ugyldig.

Spørsmålet om konsesjonsstyresmakta kan leggje vekt på undergraving av konsesjonslovens reglar om kontroll med prisutviklinga på landbrukseigedomar i konsesjonsvurderinga blei ikkje direkte drøfta i dommen. Det kjem fram av landbruks- og matdepartementet sitt oversendingsbrev til oss, datert 24.05.2013, at deira meining er at den prinsipielle sida i saka er uendra, sjølv om ikkje dommen blir anka.

Kontaktperson: Hadle Nevøy



Foto: Nono Dimby

Regionalt miljøprogram

Søknadsmateriell for tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram i for 2013 er no klart. Søknadsfrist er 1. oktober. I år kan det for første gong søkjast RMP- tilskot via Internett. Det er laga eit nytt søknadssystem, eStil, og dei fleste tiltaka skal teiknast inn i ein digital kartportal.

Søknadsmateriell vil berre bli sendt ut til dei som søkte om RMP-tilskot eller tilskot til miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel i fjor. De kan lese om og [laste ned materialet](#) på heimesida vår:

Vi minner om kurs i eStil og Regionalt miljøprogram 13. august. Meld dykk på via [heimesida](#). Sjå under *kurs og konferansar* nedst på hovudsida.

Kontaktpersonar:

Monica Dahlmo, 51 56 89 66,

monica.dahlmo@fylkesmannen.no

Else Fredheim Hodne, 51 56 89 77,

else.fredheim.hodne@fylkesmannen.no



Foto: Nono Dimby

Bønder i symbiose med forskarar

Potten for midlar til VRI-mat er i praksis brukt opp for 2013, men det er ikkje til hinder for å fortsetje arbeidet med forskingsbasert næringsutvikling.

Vi hjelper til med å sette opp prosjektplan og finn løysingar for samarbeidspartnarar og finansiering. Vi arbeider like gjerne med prosjekt retta mot Innovasjon Norge, forskningsrådet, regionale forskningsfond, NCE Culinology og andre program. Veit du om bønder som har ein god utviklingsidè, eller treng hjelp til å løyse utfordringar, så ta kontakt .

Kontaktperson Eli M. Serigstad.

Informasjon frå SLF si samling om produksjonstilskot

Statens landbruksforvaltning arrangerte ei todagars samling for Fylkesmennene 12.-13. juni. Tema for samlinga var mellom anna "inputkontrollane", avvik mellom søknadsdata og kontrolldata og avkorting av tilskot.

Innleiingsvis fekk vi ein gjennomgang av jordbruksoppgjeret og det som er nytt i tilskotssamanheng.

- Inga endring i maksimalbeløp (kr 280 000) til husdyr
- Tilskot til lammeslakt blir ikkje lenger rekna med i tilskot til husdyr og inngår ikkje i maks. beløpet
- Det blir innført kvalitetstilskot for storfeslakt (som pristilskot utbetalt via slakteria)
- Nytt tilskot til hjort > 1 år (kr 210/dyr/år)
- Kravet til minst 25 bikubar fell bort for dei som mottak produksjonstilskot på anna grunnlag
- Omleggingstilskotet for areal som blir lagt om til økologisk blir avvikla med verknad for areal som blir lagt om frå 2014

Få reaksjonar på feilopplysningar

Elles blei det brukt mykje tid på samlinga til å gå gjennom rutiane med inputkontrollar og kommunane si oppfølging av desse. Det er framleis mange saker der det er avvik mellom søknadsdata og kontrolldata og der kommunane ikkje har gjort avkortingar i utbetalingsbeløpet.

Ved søknadsomgangen i august 2011 blei 2320 føretak kontrollerte på landsbasis. Det blei registrert 910 avvik mellom søknadsdata som føretaka hadde ført opp og det kommunen registrerte etter kontroll på føretaka. Likevel er det berre registrert 40 søknader der utbetalingsbeløpet er avkorta. Det blei gitt tydelege signal frå både SLF og LMD om at dette vil dei følgje opp i tida framover.

Rutinar for avkorting

SLF gjekk også gjennom rutiane ved avkorting. Dei minna om at det å rette opp søknaden/utbetalinga ikkje er å avkorte, avkorting skal kome i tillegg. Avkorting kan brukast ved regelverksbrot eller dersom det ført opp feil opplysningar i søknaden. Kommunane har plikt til å vurdere avkorting. Dersom det er ført opp feil opplysningar i søknaden, er hovudregelen at det skal avkortast.

Driftsfellesskap

Det var også med juristar frå Landbruks- og matdepartementet. Dei tok mellom anna opp spørsmål om driftsfellesskap. Det er i seinare tid avdekka fleire saker av stort omfang som gjeld driftsfellesskap. LMD vil i tida framover ha auka fokus på problematikken kring driftsfellesskap.

Kontaktperson: Sissel C. Endresen



Rekkefølgje i saker som krev behandling både etter jordlova og plan- og bygningslova

Anbefalinga frå departementa er at ein skal først behandle dispensasjon etter plan- og bygningslova når det gjeld dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova som også krev behandling etter jordlova.

Anbefalt saksbehandlingsprosess vart først gitt i brev av 4. mai 1998 frå Miljøverndepartementet. Sjå planjuss 2/2002 side 13. Dette er også framheva i rundskriv M-4/2003 på side 10.

Ved høyringsforslaget om endringar i jordlova frå Landbruks- og matdepartementet, foreslo departementet at ein skulle lovfeste ein regel om rekkefølgja ved behandling av deling etter jordlova og dispensasjon etter plan- og bygningslova. Dei foreslo ein regel om at behandling av dispensasjon etter plan- og bygningslova skal behandlast før samtykke etter jordlova, i tråd med tidlegare anbefaling.

Under høyringa kom det innspel om at departementets forslag til rekkefølgje i saksbehandlinga ikkje alltid passer. Departementet meiner at det er viktig å gi rom for lokale tilpassingar, og det blei derfor ikkje foreslått at rekkefølgja skulle lovfestast i Prop. 127 L (2012-2013). Dei presiserer likevel i proposisjonen at behandlingane etter desse to lovverka må gjerast i kvar sin prosess, slik at det vert fatta eigne vedtak etter dei to føresegna.

Sjølv om det ikkje blei lovfesta ein regel om rekkefølgje, så gjeld framleis retningslinjene gitt i 1998. Det er dermed anbefalt å behandle dispensasjon etter plan- og bygningslova før deling etter jordlova.

Meir informasjon finn du her:

- [Lenkje til Planjuss 2/2002](#)
- [Rundskriv M-4/2003](#)

Kontaktperson: Iris-Adele Berg Jess

A scenic landscape featuring a lush green field in the foreground with several sheep. In the middle ground, there are large trees and a body of water. In the background, there are rolling hills and mountains under a clear sky. The text "God sommar!" is overlaid in a large, white, serif font at the bottom of the image.

God sommar!